

1 **Universitets- og høgskulesektoren bør bidra til å løyse klimakrisa**

2 Uttale frå Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

3
4 Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda anerkjenner klimakrisa. Menneskeskapte
5 klimaendringar er vår tids største utfordring. I følgje FN sitt klimapanel, må vi innan 2030
6 redusere klimagassutsleppa med 45 prosent, og innan 2050 vere klimanøytrale, om vi
7 skal unngå dei verste klimaendringane og nå måla i Parisavtalen. Å ta grep no vil koste,
8 men å ikkje gjere det, vil koste oss så mykje meir.

9 Studentar er ein del av løysinga på klimakrisa. Studentar og academia bidreg med
10 forskning og utvikling som vil ta oss inn i den fossilfrie framtida. Universitets- og
11 høgskulesektoren må også bidra til eit nullutsleppsamfunn, og endre seg i takt med ny
12 kunnskap.

13 Utdanning er ein viktig nøkkel for å finne ny kunnskap og nye løysingar. Høgskulen i
14 Volda må ta klima og miljø inn i relevante utdanningar og sørge for å gi studentar
15 kunnskapen dei treng for å finne framtidas klimaløysingar. Høgskulen i Volda må også
16 vere rollemodell for andre institusjonar ved å ta berekraftsmåla til FN og klima og miljø
17 inn i alle deler av verksemda si.

18 Høgskulen i Volda har hatt sertifiseringa Miljøfyrtårn sidan 2018, og har gjort fleire gode
19 grep for å verte meir miljøvenleg. Studentparlamentet meiner at Høgskulen må halde
20 fram dette arbeidet, og styrkje innsatsen slik at klimafotavtrykket til Høgskulen blir minst
21 mogleg. Studentparlamentet vil også oppmode Studentsamskipnaden i Volda til å bli
22 miljøsertifisert.

23 Studentparlamentet i Volda oppmodar Høgskulen i Volda, Statsbygg og
24 Studentsamskipnaden i Volda til:

- 25 • Å vurdere Breeam-Nor sertifisering eller tilsvarende sertifisering ved oppføring av
26 nye bygg eller renovering av eldre bygningar
- 27 • At Høgskulen i Volda held fast på Miljøfyrtårn-sertifiseringa og innfører stadig nye
28 miljø- og klimatiltak i tråd med sertifiseringa
- 29 • At Studentsamskipnaden i Volda søker å bli Miljøfyrtårn-sertifisert
- 30 • At klima og miljø blir prioritert inn i relevante utdanningar, slik at studentar får den
31 kunnskapen dei treng for å finne gode klimaløysingar i sine framtidige jobbar
- 32 • At klima og miljø blir prioritert i alle deler av verksemda til Høgskulen og SiVolda,
33 og vektlagt ved innkjøp og i innkjøpsavtalane til institusjonane.